Vi har vært 13 gutter fra 7-8 år denne sesongen. Vi har vært på 4 turneringer rundt om i distriktet: Timehallen, Nye Loen, Frø hallen og heime på Oгна. Det var ei kjekk turnering vi hadde heime på Oгна. Da var alle foreldre med og bidro med å få alt til og klaffe. Takk for hjelpen alle sammen. Vi har utviklet oss godt dette året og. Vi har hatt mange kjekke treninger med stasjoner, styrke og masse lagspill trening. Alle ser ut til og ha kost seg på treningene og ikke minst på turneringene. En god

guttegjeng i sammen. Trenerene har hatt forskjellige programmer til hver trening. Nå kan me ta sommerferie og nyte sommeren, og til høsten går vi på med friskt mot. Ha en flott sommer alle sammen så snakkes vi til høsten.

Hilsen trenere og lagleder



Jenter 7-8 år



Denne sesongen har jentene og guttane trent sammen, men på turneringen er de hver for seg.

Jentene er gode på vente på tur under turneringene når de må sitte litt på benken når det er mange på laget. Utpå banen er de flinke til og inkludere alle og blitt gode på å finte. Høydepunktet er når

pokalen er i hånden og alle er så stolte og krye etter god innsats. Foreldre og besteforeldre samt søsken er gode i heiagjengen. Takker for en god sesong og håper å se like måte gamle som nye fra høsten av.

Mvh trenere og lagledere



Jenter 11

J11 er en kjempefin gjeng med 6 jenter i 6 klasse som har startet opp dette året med å spille håndball. Vi har trent sammen med J10 hver tirsdag og torsdag. Vi har jobbet mye med ballkontroll og samspill.

Jentene har hatt en kjempefin utvikling. J11 har spilt 10 kamper og vunnet halv parten av kampene. Vi har lånt spillere fra J10. Kjempebra jobbet av ferske håndball spillere! Vi gleder oss til fortsettelsen av disse flinke jentene.

Trenere J 11, Maria og Julie



Jenter 10

J10 har vært en flott gjeng med 8 jenter i 5. klasse og 2 jenter i 4. klasse. Vi har trent sammen med J11 hver tirsdag og torsdag. Første halv del av sesongen ble spilt på liten bane. Etter jul gikk vi over til stor bane. Dette var veldig stas! Kampene har gått veldig bra og jentene har hentet hjem seier etter seier. Knallgildt!

Jentene har vært flinke til å møte på trening og har jobbet godt på treningene. Vi har jobbet med høyere tempo, mer fysikk og samspill. Konkurransen instinktet er intakt og humøret på topp hos jentene. Stå på jenter!

Trener J10, Janne



Sesongavslutning J10 og J11

- Quart Cup 26-28 april



Vi avsluttet sesongen med en «knall gilde» tur til Kristiansand på Quart Cup. Vi reiste fredag ettermiddag med toget til Kristiansand, klare for nye eventyr. Vi overnattet i Abra Havn i leiligheter og fikk med oss både underholdning og god mat fra Abra Havn. Mellom kampene var vi Dyreparken og koset oss. Været var ikke på vår side, men «Tømmerenna» fikk kjørt seg noen runder for det om.

Kampene til både J10 og J11 gikk veldig fint. Kjekt å spille mot sørlandslag. Vi ble heiet frem av en hel «foreldreklan» som hadde tatt turen til Sørlandet. Så super stemning på tribunen!

Innsatsen og humøret til jentene har vært på topp hele helgen. Vi har virkelig hatt det gøy og gleder oss allerede til neste tur!

Vi gleder oss alle til en ny sesong med disse 16 spreke jentene. Alle nye spillere er hjertelig velkomne i gjengen.

Håndball
er gøy!



GUTTER 12

Da er sesongen for gutta over for denne gang, de spilte seg til en 4. plass på tabellen i seriespillet, av 18 spilte kamper hadde de 11 seire. En skikkelig god sesong av guttene. De er 10 gutter med masse pågangsmot og mange gode kommentarer, det er en gjeng med godt samhold. Det er gutter med gode refleksjoner over eget spill, gutter med gode mange gode kvaliteter.

Vi avslutta sesongen med Glasscup i Drammen, der møtte de helt ukjente østlandslag, og de gjorde en kjempeinnsats, litt trøtte og slitne, men det er lov når det er cup. Gutta spilte seg til en b-finale og tok 2.plassen. Ei helg fulgt av håndball og sosialt samhold. Med til Drammen fulgte også heia gjengen, en herlig og pliktoppfyllende foreldregjeng som har vært trofast mot gutta hele sesongen.

Turen var dessverre avslutning for treneren vår gjennom to sesonger, vi vil virkelig takke for en super innsats disse sesongene. Neste sesong trenger vi derfor ny trener, dette jobbes med, men sitter du med kunnskaper å ønsker trene denne supre gjengen så ta kontakt med håndballstyret. For her er 10 sultne gutter, klare for ny sesong.



En av landets største og mest moderne bedrifter innen tynnplatebehandling



Med Europas mest moderne produksjonslinje for bearbeiding av tynnplater, mangeårig erfaring fra elektronikk og eget stort pulverlakteringsanlegg er IKM Haaland godt posisjonert i markedet.

Vi har 90 ansatte, 10.000 m² produksjonsareal og er ISO sertifisert.

Ta direkte kontakt med Morten Sædberg,
E: morten.saedberg@ikm.no,
T: 915 87 713

For mer informasjon:

www.IKM.no /ikm-haaland



I·K·M

IKM Haaland AS

Vellukka bygdadag

Det var fullt hus både i kyrkja og i hallen på bygdadagen. Det vart ein skikkeleg gild dag, med gode komler, mange kjekke aktivitetar og godt drøs. Me tek med nokre bilete.



Anniken og Marius på rydding.



Brith Tove og Elin Louise stod for komlene.



Sem Herredsvela gjorde ein fin innsats i rekerensingskonkurransen



Frå 4H-standen.



BRUSAND IDRETTSLAG

100 år

Då var den store feiringa over. Tre dagar med gilde markeringar for å feira at Brusand IL vart 100 år. Det eldste fotballaget mellom Flekkefjord og Sandnes!

Det er snart eit år sidan me starta planlegginga, og me var jo litt nervøse for om me treffe. Dèt syns eg me gjorde.

På sjølve 100-årsdagen, torsdag 14. mars, starta me med at alle elevane på skulen hadde fått nye t-skjorter med den fantastiske logoen som Anja Hegelstad har laga til oss. Bare å sjå heile gjengen samla i Aulaen var eit syn for seg! Eg hadde nemnt til rådmannen at me skulle ha ei markering, og ho tok seg tid og kom bortom; og feira hundreåringer på dagen 14. mars, men fekk òg smetta litt inn om eittåringen Ogna skule. Lars Ole Bergersen hadde skrive song, og den vart urframført på skulen denne føremiddagen. Skikkeleg flott, veldig svingande og ein super måte å dra historia om Brusand IL på. Har de ikkje fått den med dykk, så var Jærbladet og filma, og deler av songen kan de sjå på jbl.no. Seinare på dagen ringte NRK Lokalen, så i all hast måtte eg innover der. Dei var godt i laget, og me drøste i 10-15 minutt om smått og stort rundt Brusand IL, frå vind på Kvalbein, til Apnesethspelarar frå Brusand, via dugnad og til feiringa.

Fredag var det i og for seg pausedag, men om ettermiddagen møtte ein god gjeng i hallen til pynting. Elin Synnøve, Siv Tone, Anniken og fleire med hadde ein plan som gjorde at hallen aldri har vore flottare pynta. Fargane grønt og gult gjekk att i pynten, både med serviettar, lime/sitron, logoar og blomar. Rett og slett nydeleg.

Me var spente laurdagen. Ein gjeng rigga til det som stod att, og ein del mat måtte ordnast. Odd Egil var på plass tidleg om morgonen og styrte på. Seinare kom ein gjeng frå Hellvik idrettslag; dei hadde

arrangementet for oss, slik at aktive folk i Brusand IL kunne vera med på festen. Dèt var ei god løysing.

Og så braka det laus; gilde helsingar frå naboklubbar og krets. Ordførar og rådmann hadde laga ein skikkeleg fin rap, som var eit høgdepunkt. På scenen var òg Olav Garvik og hadde nokre ord, og Einar Tuen hadde òg ei flott helsing.

Den første delen runda me av med song av Marie Elise Herredsvela. To av dei finaste vårsongane i norsk musikk framførte ho.

Svein Arve Nygård har hatt fine kveldar i Helgøleiren med Skravland. Nå drog han "konseptet" til hallen, og skapte skikkeleg liv på scenen. Han hadde med seg Odd Sigve Omland, Nancy Kvadsheim, Ove Kverme, Ottar Varhaug og Knut Nygård, og fekk kome inn på smått og stort gjennom dei siste tiåra. Låtten sat laust, og Svein Arve leia det heile på framifrå vis.

Det heile vart runda av med utdeling av æresmedlemskap til Knut Nygård for

mange års innsats for aktiv for laget, mellom anna som leiar i tolv år.

Odd Egil hadde som vanleg gjort flott førearbeid, så maten skulle det ikkje stå på. Dei Hellvik hadde rigga til i Odd Egil si ånd, og det var eit imponerende bord med reker, krepss, spekemat og karbonader med mykje godt attåt.

Det vart ein minnerik kveld. Mykje gildt drøs og lått. Two Steps Down hadde flott musikk til...

... og då me var tilbake mindre enn tolv timar seinare var hallen nydeleg rydda. Dramaet bakom var kanskje ikkje kjent for så mange, men sjølv sagt gjekk slukane sponst-tette. Om kvelden var røyrleggjar, om morgonen møtte Odd Egil spylar. Ein heil affære altså... I alle fall; søndagen var dagen for å spretta den store kaka frå Roxman. Dèn var nydeleg; folk strøymde til, og me hadde ei fin markering med innslag frå kulturskulen, drøs med involverte i laget og ikkje minst tredje og friskaste framføring av songen Lars Ole Bergersen har skrive til laget. Heilt supert.





Svein Arve Nygård hadde stålkontroll på Skravland



Flott gåve frå Vigrestad IK



Ståle Grude Haaland overrekker gave frå Kretsen til leiar Trond Roy Hellenen



Einar Tuen hadde ei fin helsing

Kaka - eller kakene - var flotte. Og ikkje minst gode.

Det vart ei flott feiring. Alle som har bidrege må takkast. I komiteen har Elin Synnøve Sigveland, Per Kristina Vold, Anniken Tuen Nygård og Odd Egil Stokkeland vore gode bidrasytarar. I tillegg til fleire i hovudstyret og arrangementkomiteen som ikkje har vore størbidde. Minste føre når det er slik.

Svein Høyland



Knut Olai Slettebø peika på verdien av frivillig arbeid i ei fin helsing



*Knut Nygård fekk tildelt æresmedlem-
skap*



Knut Nygård



Marie Elise Herredsvela



God gang på Skravland



Ordførar og rådmann hadde ei original og fornøyeleg helsing



Olav Garvik



Svein Høyland var konfransier

ME SPÆLE BALLEN FOR BYGDÅ

1. Verdenskrigen va nettopp slutt - då kom
ner te Brusand en byas-gutt - dæ va
Harald Eiane - "vert dæ fo'ball idag?"
I frå Kverme kom Julius - og frå
Kvalbein venen Cornelius - "sko me
kanskje starta opp? - me kan stifta eit lag!"
Dei spælte fo'ball på Brusand
nitten nitten på Brusand
Dei va vener på Brusand, og spælte mæ ball

2. Itte kvært kom fleire te - i frå
heila soknå, ja, nord og ne - sånn at
både Oгна og Sire våga sæg fram
Dæ va fo'ball dæ gjekk i då - så klart
bare guttane, store og små - ingen
spurde jentene elle gamle madam ...
Men så kom krigen te Brusand
stora værå te Brusand
Hitler-tenne på Brusand, og du, så dæ smalt

3. Jentene kom springande - og dei
heiv a skjørtet og ringane - og tok
runde ballen fatt, dæ va håndball så gjaldt
Dette va en god'e ide, og dei
fekk eit klubbnavn så passa te - "me æ
Brusand Idrettslag, og me trivest mæ alt!"
Me hive ballen på Brusand
dryle te 'an på Brusand
Livet he 'an på Brusand, mæ ballen i spæl

4. Me må ha en bane nå - på den
gamla verte me blaude, så - me æ
ganske trengande, kor æ pengane då?
Heradsstyret dei ga en slant - og me
satte farmor og besten i pant - og tok
tunge spaen fatt, nå ska armene gå!
Det vart bane på Brusand
stolte hane på Brusand
dei kan glana på Brusand, for her æ dæ bra!

5. Nedpå Oгна gjekk møje an - og en
grusa bane dei fekk i stand - itte
"pukkverkdansen" ga plenty penga igjen
Og dæ blei jo et eventyr - for dei
så lige idrett og melkekyr - ja hør:
Me fekk eige hus, itte om og men!
Flotte hallen på Oгна
den ga gaman og "hognad"
Beste hallen på Oгна, me tog 'an mæ storm!

6. Så nå æ me hundre år - me he
fine biceps og lekre lår - og dæ
lyde lovande for ei komande tid
Me he bane og hall på plass - og dei
gulegrøne gjer alltid gass - så du
ska få sjå et syn hvis du stikke forbi
Me spæle ballen for bygdå
på banen for bygdå
me gjer lønnå og trygdå og armar og bein!
Me spæle ballen for bygdå
på banen for bygdå
me gjer lønnå og trygdå og armar og bein!

Etter "Forelska i lærern" av Flakne/Ingebrigtsen

Brusand IL-tekst Lars Ole Bergersen 2019,
med god hjelp til språkvask, av familie og venner.

HUNDRE GODE IDRETTSÅR

Mange har nok lurt på korleis det kunne ha seg at det første idrettslaget her på Sør-Jæren såg dagens lys på Brusand, av alle stader. Å spenna fotball i 1919 var nær sagt eksotisk. Det var slikt dei dreiv på med i byane på den tida. Tenk berre på kor vanskeleg det må ha vore å få tak i ball, fotballsko, ja, til og med drakter!

Forklaringa er nok ikkje så vanskeleg å finna likevel. Det hender rett som det er at innflyttarar får fart på saker og ting i eit lite lokalsamfunn. Dei kjem utanfrå som eit friskt pust med nye idear. Takka vera stasjonsbetjentane Harald Eiane og Sigurd Romslo, som begge hadde spent fotball i Stavanger, kom det fart i arbeidet med å få i gang eit organisert fotballmiljø her innføre sanddynene. Me veit óg at bondesønene Cornelius Qvalbein og Julius Kverme var viktige krumtappar i åra mellom dei to verdskrigane.

Men lett kan det ikkje ha vore, for på den tida var det mykje som såg mørkt ut. Nedgangstidene var merkbare. Mange bønder sleit med høg gjeld, og både det relativt nye meieriet og handelslaget hadde motbør fordi folk hadde betalingsproblem. Den lokale banken gjekk konkurs, og Ogna kommune måtte stilla opp for å hjelpa kundane ut or krisa. Den første



verdskrigen, som varte frå 1914 til 1918, hadde jo vore ei storarta oppgangstid for det vesle bygdesamfunnet. Det var godt med arbeid, og inntektene steig frå år til år. Men brått gjekk det nedføre økonomisk på alle kantar. Også dei unge fekk merka at tidene vart trongare på mange måtar.

Vått ved Hitlertennene

Og midt i dette uføret vart det sett i gang ein fotballklubb! Me kan levande førestilla oss

at foreldra var både skeptiske og negative til at sønene vaste vekk tid og krefter på å springa rundt på Sæven og spenna i ein ball. Ja, for det var der på Sæven – denne våte og tuete marka mellom Hitlertennene og Rennå – at ungdommane samla seg og greidde å laga ein slags fotballbane. Det høyrest merkeleg ut i dag, når me ser på kor humpete området er. Men sannsynlegvis gjorde dei ein innsats for å jamna ut ei flate som var stor nok til ein liten bane.

Opningskamp på Kvalbein 1947.



Dette biletet veit me ikkje mykje om, men truleg frå 1920-30-talet, og det einaste kjende biletet frå spel på Sæven. Tilhøyrrer fotosamlinga til Hå kommune.



I lengda var det likevel uhaldbart å driva idrett på ein slik plass som sto under vatn rett som det var. Det var og viktigaste grunnen til at Brusand Fotballag, som klubben heitte dei første åra, ikkje fekk vera med i serien og konkurrera med andre lag som etter kvart kom til lenger nord på Jæren. Å knega seg til ein og annan privatkamp med dei Vigrest var ikkje tilfredsstillande i lengda. Det var og grunnen til at unge Cornelius trygla faren, han Martin, om å stilla den flate og harde marka mellom Kvalbeinskogen og skulen til disposisjon for dei unge fotballentusiastane.

Den rause bonden

Martin Qvalbein var ein raus og framsynt kar. Han var nok skeptisk, han som så mange andre, til at ungdommane brukte tid på fotball. Men det er lett å tru at han såg verdien av at dei unge kom saman og trivdest i lag. Kvardagen i seg sjølv var hard nok. Eit lite pusterom på kveldstid var gull verd for å halda motet oppe i kvardagen. Dei unge gjekk i gang med hest og plog, og ny bane vart det. Det interessante er at gamle Martin aldri krevde noko vederlag for å avstå området til fotballbane.

No vart det andre bollar! Det hadde gått ni år sidan laget vart starta. Brusand fekk i 1928 endeleg vera med i serien og visa kva dei var gode for. Men me må like fram til 1948 før den nye banen vart opna, like ved hovedvegen. Tyskarane hadde under krigen herja og øydelagt fotballbanen så iherdig at det var tvingande nødvendig å byggja ein heilt ny bane. Det er den som er i bruk den dag i dag. Men denne gongen var det Tønnes Kvalbein som spanderte jord og ba pent om å få to tusenlappar som betaling for ti dekar.

Eit reint Brusand-fenomen

Idrettslaget var, som me forstår, eit reint Brusand-fenomen i starten. Det ville vel au vore naturleg å døypt det Ogn Idrettslag, eller Ogn Fotballag, i samsvar med kommunenamnet? Men grunnen til at det ikkje vart slik er enkel: det var så å seia berre Brusand-ungdommar som var med i starten. Det var gutar frå sandgardane, stasjonsområdet og nokre

ovanfor jernbanelina. Medlemsprotokollen viser at det var berre eit lite fåtal frå Ogn og Sirevågstraktene som var med i mellomkrigsåra. Truleg heng det saman med at dei unge i sør var mykje ute på fiske og hadde vanskeleg for å organisera det vesle dei hadde av fritid til fotballaktivitetar. Og skulle dei til Sæven eller Kvalbein for å spenna, måtte dei bruka sykkel for å ta seg fram. Det var jo eit drygt stykke å gje seg i kast med etter arbeidstid.

Men etter krigen kom «vågarane» med for fullt og gjorde seg sterkt gjeldande både som idrettsmenn og tillitsvalde. Men namnet på idrettslaget har frå tid til anna vore ein liten verkebyll. Me veit at det første store slaget sto på årsmøtet ein novemberkveld i 1945. Men forslaget om «Ogn Idrettslag» fekk ikkje fleirtal.

Likevel, så langt eg kan forstå har aldri sjølve namnet vore noko hinder for det gode samholdet i idrettslaget. Det viser at tradisjonar ofte står sterkt, ja, langt sterkare i mindre bygdesamfunn enn i statlege verksemdar der namnedillettantar av og til får fritt spelerom.

Dugnad til tusen!

Opp gjennom åra har dugnadsanda stått sterkt og vore hovedgrunnen til at idrettslaget både har vorte sterkare og gradvis fått fleire bein å stå på. Mange trur nok at arbeidet med å byggja Ognahallen er det første og største dugnadsløftet som er gjort i klubbhistoria. Det er sanneleg ikkje godt å seia. Men me skal ikkje gløyma at arbeidet med å laga nytt idrettsanlegg på Kvalbein like etter krigen var eit kollossalt slit, stort sett med handemakt, og i all hovedsak basert på dugnad. Unnataket var Ragnvald Skjærpe som stilte med bulldozer og gravemaskin. I tillegg sto unge karar dag etter dag og grov fem hundre meter med grøfter for å drenera jorda. Det var mang ein staut idrettsungdom som sommaren 1948 kunne retta ryggen og gratulera kvarandre med innsatsen.

Det kan vera å gjera urett mot både den eine og den andre å setja ulike dugnadsprosjekt opp mot kvarandre. Arbeidet med å fullføra Ognahallen i 1990-åra var eit storverk og ei bragd av dei sjeldne når vi tenkjer på at idrettslaget slett ikkje er så stort som mange andre nordover Jæren. Mange



medlemer, ja, svært mange, ofra alt som heitte fritid og feriar for å få hallen ferdig. Men me gløymer så fort. I dag – så mange år etter – er dette historie. Dei eldste, og dei som verkeleg var med og drog lasset, har sjølv sagt ikkje gløymt. Dei unge som har vakse opp etter at hallen sto ferdig, er nok ikkje heilt klar over den kjempeinnsatsen som vart nedlagt månad etter månad.

Knegne politikarar

Alt har ei økonomisk side. Dugnad er og snakk om å spara på utgiftene. Ognahallen fekk heldigvis godt med offentleg stønad, særleg tippemidlar. I åra like etter krigen, derimot, måtte leiarane i idrettslaget kava hardt for å få offentleg tilskot til banen på Kvalbein. Heile anlegget vart kostnadsrekna til vel 10.800 kroner, inkludert dei to tusenlappane Tønnes skulle ha. Nå var gode råd dyre, for idrettslaget var så å seia raka fant! Skulle det bli noko av anleggsplanene, måtte det ekstern hjelp til.

Det naturlege var å senda søknad til kommunestyret, men der var haldninga både lunken og direkte negativ. Sjølv om ordførar John Kvadsheim, denne godslege og framsynte statslosen, talte godt for å løyva pengar, ville fleirtalet berre gje det Tønnes skulle ha! Så snippelege kunne dei gamle knarkane som styrde kommunen vera.

Dermed var det berre eitt å stola på, nemleg at dei inne i Oslo som styrte med

tippemidlane ville forbarma seg over dei unge eldsjelene i Ognasokna. Det enda med at Norsk Tipping sende 4000 kroner vestover. Resten måtte idrettsungdommane skrapa saman gjennom dansar og annan underhaldning.

Jau, det ordna seg til slutt.

Robust økonomi

Det vesle idrettslaget her sør i Hå har opp gjennom åra hatt vekslende økonomi. Det var vel først etter at laget såg seg råd til å ha dagleg leiar og sponsorane vart ei viktig inntektskjelde at det vart skikkeleg orden på økonomien. Med dugnad, bingo og basarar i tillegg har BIL i det store og heile ein robust økonomi.

Men det har ikkje alltid vore slik. Dei første åra levde ein nær sagt frå hand til munn. Det er inga overdriving å påstå at idrettslaget var lutfattig til langt inn i etterkrigsåra. Så seint som i 1964 kunne kasseraren, Torstein Kverme, fortelja på årsmøtet at det var berre 32 kroner i kassa! Men sjølv om laget i røynda var konk, var det ingen som tenkte på å gje opp. Så lenge ein greidde å stilla A-lag, og av og til vinna over Vigrest og Orre, var det mon i halda det gåande – på sparebluss.

Smått om senn kom jentene

Idrettslaget var i svært mange år eit reindyrka mannssamfunn som så å seia berre dreiv med fotball. Friidrett og

skeiseløp var noko «småtteri» som rett nok var på aktivitetsplanen, men som ganske få brydde seg om. Like etter krigen hadde idrettslaget og eit damelag i handball, men det var eit kort intermessio. Vi må heilt inn på 70-talet før Brusand Idrettslag vart ein allsidig klubb som satsa både på store og små, og ga eit tilbod til både jenter og guttar i alle aldrar.

Men det var framleis stort sett berre fotball det gjekk i. Først utpå 90-talet, då hallen på Ogna sto ferdig, vart handball ein god og interessant tilvekst – men berre for store og små jenter. Eldsjela Nancy Ueland gjorde ein pionerinnssats for handballen som fortener all respekt.

Dei neste hundre?

Det er vanskeleg å spå, særleg om framtida. Men alt ligg til rette for at idrettslaget skal veksa og bløma og vera ein trygg og triveleg samlingsstad for dei unge i bygda i mange år framover. Heldigvis er det «in» å driva med fysisk fostring, trening og mosjonering både ute og inne til alle årstider. Men ingenting gir seg sjølv. Dugnadsånda må dyrkast, og foreldregenerasjonen må vera ansvaret bevisst og stilla opp som trenarar og leiarar på alle plan. Det er nok lettare å få dette til i ei bygd enn i ein by. Der alle kjenner alle er samhaldet også sterkast. Dei som held i taumane i idrettslaget har derfor all grunn til å vera optimistar.

Olav Garvik

Eldste biletet av a-laget, frå 1923.



TALL SHIP RACE

Sirevåg 2019



I fjor stod me og vinka avgarde Shtandart ute hjå Tor og Sølvi i kveldinga då han la ut frå Sirevåg frå siste gong - på mange år - trudde me. Vladimir, kapteinen, hadde me snakka med rett før dei tok ut, og han kunne ikkje få skrøyta nok av kor godt han treivst i Sirevåg. Til ære for alle fyrte han av ein ekstra salutt då dei tok ut. Me rekna med det vart mange år til neste gong.

Men så vert det altså på an igjen alt til sommaren. Nå eller om mange år. Me kunne ikkje la sjansen gå frå oss. Sirevåg vert ei av dei hamnene det truleg skjer mest mellom Fredrikstad og Bergen! Og alle dei tre norske skutene kjem til å leggja

til kai i Sirevåg. Truleg har aldri alle tre vore samtidig i ei hamn av denne storleiken før.

Det vert gang. Båt etter båt melder at dei vil koma, det ser ut som me kan gå tursskodde frå hamna til Raudn!

Set av dagen. **Torsdag 18. juli** vert ein minnerik dag for Sirevåg og Hå.

Har du lyst å bidra med dugnadsinnsats er Mads Lørup karen å høyra med, elles er Svein Arve Nygård og Svein Høyland med i komiteen for arrangementet.



DU HAR HJEMMET – VI HAR FARGENE

- MALING
- GULVBELEGG
- TEPPER
- TAPET
- SOLAVSKJERMING



FARGERIKE

NÆRBØ

Nærbø, Jadarveien 6a, 4365 Nærbø. Tlf. 51433311. Mail. post@narbofargesenter.no

Brødrene Sandve AS




Mobil: 913 59 657

Tlf.: 51 43 93 26 - 51 43 84 78

GARDEROBE-MANNEN

MESTERHUS



SIBYGG

www.sibbygg.no

– det blir som avtalt

FRIESTAD ANLEGG



**Alt i
graving, dyrking og grøfting
for landbruket**

Utgraving av tomter til bolig og næring.



Tlf Bjørn Friestad 90736310

Tlf Frode Herredsvela 91721055



Nyhet!


Lyse Fornybar – Lagspiller

– en god og enkel strømavtale som følger markedet

Er du en god lagspiller?

Bestill Lyse Fornybar – Lagspiller på lyse.no/stroem, så sørger vi for at klubben eller foreningen din får 200 kr – og 100 kr for hvert år du er kunde framover!

Avtalen kan bestilles av både nye og eksisterende strømkunder hos Lyse.





ÅPNINGSTIDER
Mandag- Fredag 09.00-20.00
 (Lager 09.00-16.00)
Lørdag 09.00-18.00
 (Lager 09.00-13.00)



Telefon 51 43 91 12 Telefax: 51 43 93 81

NYHET HOS JOKER OGNA! **NETTBUTIKK**

Bestill på joker.no
 Få varene levert eller hent de ferdig pakket i butikken.



SLIK FUNGERER DET



LOGG INN MED TRUMF
 Hvis du ikke er medlem, send jokertrumpf til 2155 eller meld deg inn på joker.no/Bli-Trumpf-medlem

BESTILL VARER
 Plukk varer fritt fra vårt sortiment eller legg hele oppskrifter rett i handlekurven. Tilbud og priser er de samme som i butikken.

HENT ELLER FÅ VARENE LEVERT
 Hent i butikken eller få varene levert.

ÅPNINGSTIDER
MANDAG-FREDAG
06.00-22.00
LØRDAG 07.00-22.00
SØNDAG 08.00-22.00

TLF. 51 43 81 32



BENSIN - DIESEL - OLJE - BILREKVISITA - BILVASK - GATEKJØKKEN - PÅSMURT - PØLSER - SOFTIS - KULEIS - SMØRBRØD - APOTEKUTSALG - LEKER - FISKEUTSTYR - FRIMERKER -

Stavnem & Vigrestad as

Byggevarer - Entreprenør

Tlf. 51 77 18 80 - Fax 51 77 18 89 - Mobil 982 17 950
 Industrigt. 10, 4362 VIGRESTAD

Internett: www.stavnem-vigrestad.no
 E.mail: post@stavnem-vigrestad.no



lit mer personlig



VI ER SPESIALIST PÅ SYKKEL OG FISKEUTSTYR!

RIKT UTVALG OG
 HØY KOMPETANSE

EGET GODKJENT
 SYKKELVERKSTED

WWW.MX-SPORT.NO



MX-sport Varhaug
 Sentrumsgården
 Stasjonsveien 24
 4360 Varhaug
 Tlf: 976 64 076

MX-sport Nærbø
 Torggata 9
 4365 Nærbø
 Tlf: 414 79 793

MX-sport Eger
 Lindøyveien 8,
 4370 Egersund
 Tlf: 414 79 793

***Brødrene
Haver as***

4364 Sirevåg

Telefon 51 43 83 84

Mobil 909 79 275

Herredsvela Transport

Jan Sigve Herredsvela

Tlf. 51 43 93 75

Mobil 900 75 500

s-herred@online.no

Elektriske installasjoner skal utføres av fagfolk!

Det er altfor mange som tenker at man kan utføre el-installasjoner på egenhånd.

Vi har alle godkjenninger en elektriker trenger for å kunne utøve en el-installasjon.

Vi kan tilby alt innen el-installasjoner og el-kontroll i hjem, hytte og landbruk.

Trenger du hjelp, ta kontakt



OGNA INSTALLASJON A/S

Registrert installatør

Tlf: 51 79 13 90 eller einar@ognainstallasjon.no
www.ognainstallasjon.no



Medlem av **elkonor**



SIREVÅG Mekaniske AS

- Sertifisert sveising
- CNC skjærebord plasma/gass
- CNC vannjet
- CNC maskinering
- Manuell maskinering
- CNC knekke
- Profilvals
- Platevals
- Industrimontasje
- Industrimekanikere
- Husjekkning
- Flytting/montasje av alle typer industrimaskiner

SERTIFISERT SVEISEARBEID • TOPP MODERNE PRODUKSJONSLOKALER PÅ 2500 M²

SIREVÅG Mekaniske AS

www.sirevaagmekaniske.no

SØRSKOGVEIEN, 4364 SIREVÅG
51 79 87 50



Frisørhjørnet

4363 Brusand, tlf. 51 43 93 00

Åpningstider mandag, tirsdag og fredag 09.00–16.00,
onsdag og torsdag 09.00–19.00, lørdag 09.00–13.00



www.frisorhjornet.com



Egersund

Net

Part of Egersund Group



Sandnes & Jærbetong



**VI ER IKKE
STØRST
- MEN RING OSS
FØRST**

Fire busser helturist m/WC og
kjøleskap 35 – 56 plasser.

VIGRESTAD BUSS

4362 Vigrestad - Tlf. 51 43 78 00 • Fax 51 43 75 15

www.vigrestad-buss.no

**Øgna
Camping**

Din stasjon



Ogna Servicecenter – Ogna Landhandel tlf. 51438132




Åpningstider :

Mandag – fredag : 6.00-22.00

Lørdag : 7.00-22.00

Søndag : 8.00-22.00

**Hamburger - Kyllingmix - Pommes frites - Pølsemix
Biffsnadder - Løvsteik - Pølser- Matpakke –
Bagetter - Kaffeavtale – Propan - Medisinutsalg**



**YX BONUSKORT – YX VISAKORT – YX FIRMAKORT
GODE RABATTER - VI HAR SØKNADSKJEMA**

NOT

NORSK OVERFLATE TEKNIKK

ALT ANNET ER KOPIER

Jeep har aldri vært bedre og har eventyrlig salgsvekst i Norge og Europa. Jeep har nye moderne SUVer i alle størrelser med avansert teknologi, høyt utstyrsnivå, klasseledende 4x4 og moderne motorer med lave forbruk. Besøk en av våre 40-forhandlere og opplev nye Jeep. Nyheten i 2015 er nye Renegade, en ekte SUV med imponerende spesifikasjoner. Fra kun kr 319 900,-

CHEROKEE KAMPANJE
VINTERHJUL INKLUDERT I PRISEN
SPAR OPPTIL 28.260,-



Grand Cherokee 4x4
fra 859.900,-

Renegade 4x4
fra 319.900,-

Cherokee 4x4
fra 499.900,-

Wrangler 4x4
fra 409.900,-

Jeep
3 Års Norgegaranti

HOLMANE BIL A/S

Tengsareidveien 4 • 4370 Egersund • Tlf. 51 46 19 80 • www.holmanebil.no

Man, ons, tor og fre 9-16 • tir 9-19 • lør 10-14